

Fylkestinget i Hordaland
v / fylkerådmannen

Bergen, 28.05.2018

Veglause grender (Furnes, Stokken, Padøy, Heimvik, Tone, Mellesdalen, Vedå og Bukkestein) kan miste båtruta

Senior Norge er ein ideell, frittstående og upolitisk interesseorganisasjon for seniorar/pensjonistar i det norske samfunnet. Organisasjonen si målsetting er å ivareta interesser for denne samfunnsgruppa.

Organisasjonen er kjend med at saka om nemnde båtrute, som tidlegare er føreslege nedlagd, skal opp til ny handsaming i Fylkestinget i juni 2018. Iflg. info bur det folk i alle aldrar, frå skuleborn til eldre, i desse grendene, til saman 21 fastbuande personar. Og dei fleste er avhengige av båtruta som trafikkerar området (MB Ospenes).

Utan båtruta blir det, iflg. info, vanskeleg å bu i desse grendene, særleg for eldre. Senior Norge Hordaland har fått opplyst at så mange som 9 eldre personar må, eventuelt, flytta frå heimane sine dersom båtruta blir lagt ned. Det er vel ikkje noko anna enn å bidra til å leggja ned "bygde-Noreg? Er det rette måten for fylkeskommunen å ivareta sine borgarar på? Burde ikkje fylkeskommunen heller bidra til å oppretthalda velhaldne bustader, grender og bygdelag og eit levande bygde-Noreg?

Kostnaden med å oppretthalda båtruta er, knapt nok, småpengar i forhold til fylkeskommunen sitt budsjett. Og det kan ikkje vera noko umogeleg oppgåve å finansiera dette vesle, men viktige, båtprosjektet - som i praksis, er å ta vare på "land og folk". Senior Norge Hordaland ber fylkestinget om å finna ei løysing, slik at båtruta kan oppretthaldast, og at grendene det gjeld, med velhaldne hus, som marknadsfører bygde-Noreg på ein svært positiv måte, blir ivaretekne, og at folk som er busett i desse grendene, kan bu i heimane sine.

Senior Norge Hordaland ber om at dette dokumentet blir lagt ved saka, og organisasjonen håpar å kunna sjå ser fram til ei positiv og gledeleg tilbakemelding i saka.

Venleg helsing

f. styret, Senior Norge Hordaland

Odd Himle

leiar

ingen håndskreven singatur